

Språkretten i vidaregåande skole

Det er utarbeidd ein språkplan for vidaregåande skole. Målet med planen er å sikre språkrettane til elevane, og å syrke vilkåra til nynorskelevane spesielt.

Innhaldsoversikt

1Kompetansesporet

2Brukssporet

3Haldningssporet

4Referansar og kunnskapsgrunnlag

1 Kompetansesporet

Kompetansesporet er ei samling med ressursar til kompetanseheving. Kompetansehevinga rettar seg i hovudsak mot lærarar (også lærarar med andre fag enn norsk) og skoleleiarar, men ein del kan også bli delte vidare til foreldre og elevar. Dei øvste ressursane blir rullerte med jamlege mellomrom, men dei nedste vil alltid vere tilgjengelege i planen.

[Amanda Gorman - krafta i diktinga, krafta i språket \(Nynorsksenteret\)](#)

[Utforskning av gramatikk \(Nynorsksenteret\)](#)

[Eksamensoppgaver på nynorsk \(Nynorsksenteret\)](#)

[Om å skrive nynorsk \(Nynorsksenteret\)](#)

[Språkløyper \(Universitetet i Stavanger\)](#)

Bli betre på nynorsk og nynorsk grammatikk

[Sterke og svake verb - kva er det? \(Nynorsksenteret\)](#)

[Bokmålsordboka og Nynorskordboka \(ordbokene.no\)](#)

[Nynorsk i teikneserieform \(Nynorsksenteret\)](#)

[Nynorsk øvingsrom \(språkrådet\)](#)

2 Brukssporet

Brukssporet gir forslag til korleis skolar kan arbeide for å auke bruken av mindretalsspråket, også utover norskfaget og sidemålsundervisinga.

Rettleiing: Nynorsk i digitale ressursar (Nynorsksenteret)

Om å bruke nynorsk i andre fag enn norsk (Nynorsksenteret)

Få gode tips til bøker på nynorsk (nynorskbok.no)

3 Haldningssporet

Haldningssporet handlar om å betre haldningane til sidemål, og foreslår ei rekke aktivitetar og rutinar som kan betre haldninga til sidemål på sikt.

Eksempel frå Molde vidaregåande skole

Molde vgs har Ved Molde vidaregående skole har dei teke nokre strukturelle grep for å gjere det enklare og kjekkare for elevar med nynorsk som hovudmål å halde på språket sitt. Desse grepa er verken dyre eller omfattande, men vitnar om ei leiing som er medviten ansvaret dei har for å gi elevane deira gode vilkår til å halde fram som nynorskbrukarar.

Gjer som Molde vgs:

- **Sørg for at ingen nynorskelevar står heilt aleine i ein klasse**

Når inntakslistene er klare, plasserer dei alle nynorskelevane i to klassar. Med 5–6 nynorskelevar i klassen, er det også lettare å be om materiell og oppgåver på nynorsk.

- **Gi nynorskelevane ei eiga velkomsthelsing i Teams til skulestart**
- Meld frå til skolebibliotekaren om kor mange nynorskelevar der er på kvart trinn

Slik blir det kjøpt inn nok nynorske bøker.

- **Informer lærarane om hovudmålet til elevane deira**

I tillegg prøver dei å kople lærarar som meistrar nynorsk godt, til klassar med nynorskelevar. Då får elevane møte både nynorsk og bokmål i undervisninga og på prøver.

- **Bruk både nynorsk og bokmål i skolen sine sosiale medium**

Både Instagram, Facebook og Teams har meldingar både på nynorsk og bokmål.

- **Inviter nynorskelevane til pizza og prat 3–4 gonger i året**

Dette kan skape ei positiv vinkling rundt å vere nynorskbrukar og i tillegg vere eit samlingspunkt for nynorskelevane. Her får ein også ein dialog med elevane om kva dei treng av språkleg tilrettelegging.

4 Referansar og kunnskapsgrunnlag

Rett til læremiddel på eige skriftspråk (udir.no)

Kvifor ikkje nynorsk (Wold, 2018)

Rapport om språkbyte frå nynorsk til bokmål (Språkrådet)